NBK norges bygdekvinnelag — Sirdal bygdekvinnelag

**Styremøte Sirdal bygdekvinnelag 08.01.19**

**Til stades:** Siri Fidjeland, Anita Haugen, Tone Østtveit Kvinen, Helin Morel, Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland

**Sak 1/19: Årsplanen**

**1) Gjennomførte aktivitetar**

Solveig Marie, Eva Marianne og Siri var på **leiarmøtet** i Stavanger **24.11.18** med kurs i tale- og presentasjonsteknikk og føredrag av Margunn Ueland om kjøkkenhagar. Dei hadde godt utbytte av samlinga, og det var ein kjekk dag. RBK har diskutert om dei skal endra lokallagssamlinga til sonesamlingar, slik at kvar sone samlar sine medlemslag, men det er avhengig av at alle sonene fungerer.

**Juleavslutninga med Bondelaget** var vellukka med god underhaldning og god mat, og ein ynskjer å halda fram med samarbeidet. Frå SBK møtte det seks medlemmar, samt ei som er medlem begge stader.

Det kom inn 15 bidrag til **peparkakebygda 2018**, men det var berre eitt bidrag frå medlemmene i SBK. Ingrid Sinnes vann to kinobilettar, og me laga sjølv omtale til Agder – Flekkefjord tidende og heimesida.

Ingen er påmelde til **temakurset i Haugesund** 18.-19. januar, men om nokon har lyst, kan Solveig Marie sjekka om det framleis er mogleg å melda seg på.

**2) Komande aktivitetar**

**a) Juletrebrenning** 13. januar er lagt ut på heimesida og på FB, og Helin har kontroll.

**b) Temakveld om inkludering** med Sosan Asgari Mollestad skal vera i festsalen på kulturhuset 22. januar i samarbeid med kulturkontoret, vaksenopplæringa (VO) og NAV. Tone og Åse-Berit har gjort avtalar, hengt opp plakatar i heile dalen og sendt ut invitasjonar til Sira-Kvina kraftselskap, næringsforeininga og kommuneadministrasjonen.

**Arbeid som må gjerast før 22. januar:**

| | |
|---|---|
| **Solveig Marie:** | Sender invitasjonen til lokallaga i sona vår; Dalane |
| | Har ansvar for pynting (rull opp og flagvegg) |
| | Ta med vervebrosjyrer |
| **Tone:** | Kontaktar kulturkontoret for avtale om lyd (tale og song) og nøklar |
| | Sjekkar med NAV om innkjøp av drikke m.m. og hjelp før føredraget |
| | Førebur og organiserer lappesteiking og |
| | kjøper inn til lefserullar |
| **Helin:** | Baker estisk honningkake |
| | Tar med estisk flag |

**Anita:** Ordnar gåve til Sosan: Skjerefjøl m/spekepølse og handlenett Sirdal
Emilie: Skjerefjøl m/spekepølse og bøff/(hue) Sirdal
Kontaktar Sirdal Media og Agder – Flekkefjord tidende

**Åse-Berit:** Invitasjon på e-post til dei politiske leiarane
Sjekkar ut om Tonstad skule har mange ulike flag til flagveggen
Stryk og tar med norske flag (frå Sinnes skule)
Kopierer opp kjøleskaphugselappar

**På arrangementsdagen 22. januar:**
**Alle** møter (minus Åse-Berit) kl. 17.00 på kulturhuset for rydding og matlaging
**Tone og Åse-Berit** ønskjer velkomen m.m., og
**Solveig Marie** snakkar varmt om Sirdal bygdekvinnelag (og RBK)!

c) Åse-Berit har eigentleg gitt opp **"Georgs magiske medisin"**, men ser at det kan vera ein del billettar att i Spira 26. januar kl. 18.00, og kontaktar dei snarast for reservering.

d) Anita lurer på kor ein kan ha **sofiekakekurset**, men får tips om at i tillegg til grendehuset, skulen og kulturhuset, kan ein vera hos Tone (kanskje), Anette Grønning på Omlid eller Frikvarteret (ein vekedag)

e) Solveig Marie finn ut om ho møter for Rogaland BK på **fylkesårsmøtet** 22.-23. mars v/Time BK, slik at me ev. kan senda to representantar frå Sirdal. Tone har lyst og Siri og Åse-Berit kan stå på "varalista" alt etter kor mange som kan delta, og Solveig Marie melder på.

f) Solveig Marie, Helin og Arne planlegg **basaren** 29. mars.

**Sak 3/19: Nye innbuarar**
Bård Tjørhom har flytta heim og bur på Myraleitet – Åse-Berit ønskjer velkomen
Terje Ousdal og kona er ikkje flytta inn endå, men me følgjer med

**Sak 4/19: Medlemsverving**
Tone tok opp at me må gjera noko aktivt for å auka medlemstalet, t.d. ved å bruka ei veke eller to aktivt på det. Det er nasjonale verveveker i veke 5-7. Solveig Marie supplerer med informasjon frå arbeidsmøte i NBK nettopp der ho hadde tatt opp dette. Melder ein seg inn i laget utpå hausten, får ein gratis resten av inneverande år (frå 1. oktober?), men vert ikkje rekna som medlem før kontingenten er betalt om våren. Dette må dei få gjort noko med. Hugs at alle under 30 år betalar halv kontingent!

Kontingenten vil vera kr. 680,- frå 2020, og høyrest mykje ut, men me må fokusera på fordelane ved medlemskapet, m.a. Agri-kortet med mange gode rabattar på mange ulike varer. Ulempa er at det er tungvint å skaffa seg...

Alle i styret bør verva minst to nye medlemmar, og alle fekk med seg brosjyre og kjøleskaphugselapp. Det er berre å setja i gang!

**Sak 5/19: Siste nytt**
a) Åse-Berit hadde sett på e-postkorrespondansen at det var sendt inn forslag på at Tore Kvæven bør få Sirdal kommune sin kulturpris frå "**Styret** i Sirdal bygdekvinnelag", og synest ikkje det er greitt med ein slik e-post utan at det har vore tatt opp samla. Siri meiner det hadde vore mogleg å avtala det via e-post-korrespondanse, og Solveig Marie tar det til etterretning.

b) Noregs bygdekvinnelag har utlyst **konkurranse** for å få meir aktivitet på heimesidene;
Vi ønsker å vise bygdevinteren fra sine beste sider over hele landet. Vi inviterer derfor ditt lokallag til å bli med i konkurranse om å produsere den beste nettsaken i januar og februar. De tre kriteriene vi hovedsakelig ser etter er best mulig bilde, tittel og ingress. Det er disse tre tingene som gjør folk interesserte, og trekker folk inn i en sak. For å delta i konkurransen er det eneste du trenger å gjøre å huske å publisere saker i løpet av januar og februar. Premien for beste nettsak er gratis opphold og deltagelse på inspirasjonsseminaret vårt høsten 2019, samt heder og ære.

c) Solveig Marie har lagt til alle i styret med **Facebook** som redaktørar, slik at ein kan leggja ut arrangement og saker. Då vil det òg koma melding ved aktivitet på sida...

**Nytt møte: Tysdag 12. februar** kl. 19.00 på personalrommet, Sinnes skule
- basar
- 20-årsjubileum

Etter at styremøtet var avslutta, planla Helin, Siri og Tone truge-/vinterturar; sjå Facebook for informasjon.